



Kva slags musikk liker du?

✎ Espen Stranger-Johannessen

👤 Sara Rumen Krotev

💬 Espen Stranger-Johannessen

📊 2

💬 nynorsk



Tulima elsker musikk. Ho høyrer på musikk kvar dag.

Vennene hennar Carlos og Anita liker òg musikk.





«Tulima, kva slags musikk liker du?» spør Carlos.



«Eg liker vestleg musikk, men eg føretrekker musikk frå heimlandet mitt, Etiopia.»



«Eg kjem frå Colombia. Eg høyrer berre på salsa. Det er musikk som er fin å danse til», seier Carlos.



Anita seier: «Eg liker romantiske songar og musikk som gjer meg glad.»

Kva slags musikk liker du?








LIDA Stories

lidastories.net

Kva slags musikk liker du?

-  Espen Stranger-Johannessen
-  Sara Rumen Krotev
-  Espen Stranger-Johannessen

